



Sjekkliste for egenrevisjon



1 GENERELLE KRAV TIL GARDEN

© Stiftelsen Norsk Mat
Versjon 2021.10

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



Svar

Ja

Nei

Ikke
aktuelt

1.1 OVERSIKT OVER DOKUMENTASJON



1.1.1 Er all nødvendig dokumentasjon knytt til KSL og drifta oversiktleg og lett tilgjengeleg for dei som skal sjå han?

Syt alltid for å ha oversikt over aktuell dokumentasjon. Oversikta treng ikkje vere detaljert. Når det gjeld dokument som er viktige for den daglege drifta, bør det finnast ei skriftleg oversikt over dei, slik alle kan finne dei når det trengst.

Døme på aktuell dokumentasjon:

- gjødslingsplanar og jordanalyser
- tilsynsrapportar
- rapportar frå el-kontrollar

Har du blitt trekt ut til KSL-revisjon?

Viss du skal få KSL-revisjon, har du plikt til å ha all nødvendig dokumentasjon lett tilgjengeleg, same kva dokumentasjonssystem du har brukt. Alle dokumentasjonskrav er spesifikt gjevne i KSL-standarden.

Ta vare på tilsynsrapportar

Ta vare på offentlege tilsynsrapportar, så du kan dokumentere det når du har hatt tilsynsbesøk. Sjølv om det ikkje er funne avvik eller manglar hos deg, skal du ha fått ein skriftleg rapport for å kunne dokumentere tilsynet.

Kor lenge skal du ta vare på dokumenta?

Når det blir stilt krav om dokumentasjon, er hovudregelen at du skal ta vare på dokumenta så lenge dei er aktuelle og har noko å seie for drifta. I nokre tilfelle seier regelverket kor lenge dokumenta skal takast vare på. Dette står i så fall i rettleiinga til dei spørsmåla i sjekklista det gjeld.

§ Krav

Internkontrollforskriften

Lovkrav



1.1.2 Har du oversikt over alle driftsmidla du har kjøpt, og alle produkta du har selt frå garden (eitt ledd fram og eitt ledd tilbake)?

Kven kjøper du frå?

Det skal vere råd å spore kvar du har kjøpt driftsmidla du bruker på garden, slik som gjødsel, fôr og plantevernmidde. Så langt det er praktisk mogleg, skal det også kunne sporast kvar på garden driftsmidla er brukte, til dømes at handelsgjødsel er brukt på ulike skifte, og at innkjøpt fôr er brukt til ulike dyr/dyreslag.

Kven sel du til?

Det skal også vere råd å spore kven du sel produkta dine til. Ved direkte sal skal næringsmiddel eller fôr du sel, vere greitt merka eller identifisert for at dei skal vere lettare å spore.

Bruker du rekneskapen som grunnlag for sporinga?

Viss du bruker rekneskapen med bilag til å spore kjøp og sal, må rekneskapen vere lett tilgjengeleg. Det generelle sporingskravet er at det skal vere råd å spore eitt ledd fram og eitt tilbake.

Kvifor er det viktig å kunne spore det du kjøper og sel?

Sporingsopplysningane skal særleg vere med på å

- sikre rask og målretta tilbaketrekking av fôr- og matvarer som ikkje er trygge
- gje grunnlag for målretta og nøyaktig informasjon til forbrukarane om maten
- setje tilsynsmakta i stand til å vurdere og eventuelt handtere risikoar som produsentane ikkje kan handtere på eiga hand

Sporing av dyr

Krav til sporing av dyr er omtalte i sjekklisterne for dei ulike dyreartane.

§ Krav

Matlovsforskriften	Lovkrav
Bokføringsloven	Lovkrav

1.1.3 Veit du at du skal melde frå til Mattilsynet og varemottakarane viss du har mistanke om at produkta dine er helseskadelege, og at du i så fall skal ha rutinar for å kalle tilbake dei produkta det gjeld?

Viss du har grunn til mistanke om at du har selt helseskadelege produkt, skal du varsle Mattilsynet og varemottakarane dine med ein gong. Vidare skal du stanse omsetnaden eller trekkje tilbake produkta frå marknaden for å førebyggje eller redusere eventuelle skadeverknader.

§ Krav

Matloven	Lovkrav
----------	---------



1.1.4 Arkiverer du eventuelle tilbakemeldingar om kvalitetsavvik?

Ved reklamasjonar og/eller kvalitetstrekk på produkt er det viktig å arbeide for å rette opp påviste feil og manglar slik at du unngår dei i framtida. Du skal dokumentere kvalitetsavviket og korleis du har retta det opp.

§ Krav

Matloven	Lovkrav
----------	---------

1.2 GJØDSLINGSPLAN OG JORDPRØVER



1.2.1

Har du ein gyldig gjødslingsplan og skiftekart for i år basert på representative jordprøver?

Alle gardar som tek imot produksjonstilskot, skal ha utarbeidd ein **gjødslingsplan** før kvar vekstsesong. Dette gjeld for Debio-godkjende gardar òg. Viss drifta er enkel eller ekstensiv og det varierer lite frå år til år kor mykje gjødsel som trengst på dei enkelte skifta, kan kommunen godkjenne at gjødslingsplanen gjeld for inntil 5 år.

Representative jordprøver skal i hovudsak takast kvart 4.–8. år. Jordprøvene skal analyserast ved eit laboratorium som har greidd ein ringtest for jordanalysar. Leiger du jord, skal du kunne leggje fram jordprøver seinast det andre året i leigeavtalen, eventuelt det andre året på rad med ein eittårs leige kontrakt.

Kva skal gjødslingsplanen innehalde?

Gjødslingsplanen skal omfatte alt jordbruksareal som garden disponerer i vekstsesongen. Han skal innehalde eit **skiftekart/feltkart** med oppgjeven målestokk som tydeleg viser skifteinndelinga. Planen skal setjast opp skiftevis, basert på mellom anna resultat av jordprøver.

Skiftekartet/feltkartet skal også vise eventuelle førekomstar av meldepliktig ugras. Andre aktuelle område som kan takast med, er grøfter, miljøregistreringar og erosjonsrisiko.

§ Krav

Forskrift om gjødselplanlegging	Lovkrav
---------------------------------	---------



1.2.2 Bruker du gjødslingsplanen aktivt, og noterer du dei faktiske gjødselmengdene som er brukte denne sesongen?

Det er viktig å avpasse gjødselmengda etter næringstilstanden i jorda, veksten som skal dyrkast der, og det venta avlingsnivået for veksten. Dersom veksttilhøva utviklar seg annleis enn det som er lagt til grunn for gjødslingsplanen, må du ta omsyn til dette når du gjødslar.

§ Krav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
Forskrift om gjødselsplanlegging	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

1.3 LAGRING OG BRUK AV HUSDYRGJØDSEL

1.3.1 Er husdyrgjødsel berre spreidd på dyrka jord eller på innmarksbeite som kommunen har godkjent som spreieareal?

Husdyrgjødsel skal berre spreiest på godkjent spreieareal. Gardar med husdyr må disponere over nok areal for å spreie gjødsel – til vanleg minst fire dekar fulldyrka jord per gjødseldyreining (GDE).

Du kan søkje kommunen om å få innmarksbeite godkjent som spreieareal. Utmarksareal kan ikkje godkjennast som spreieareal.

Viss du bruker husdyrgjødsel, skal det stå i gjødslingsplanen.

Avvik frå kravet til spreieareal

Gardar som ved hjelp av næringsbalanserekneskap kan dokumentere at dei har underskot av tilført næringsstoff på det jordbruksarealet dei disponerer, kan søkje kommunen om å få redusert kravet til spreieareal. I område med alvorleg forureining eller fare for alvorleg forureining kan kommunen stille krav om større spreieareal.

Tilleggskrav

For leigd areal, ved avtale om å spreie gjødsel på gardar i nærleiken og ved sal av husdyrgjødsel må du vanlegvis ha ein skriftleg avtale for minst fem år.

Enkelte gardar disponerer ingen eller for små areal til å få spreidd husdyrgjødsel på. Slike gardar skal ha ein plan for handtering av gjødsel og ein avtale med mottakaren av gjødsel. Dette skal sikre at dei handterer gjødsel på ein forsvarleg måte.

I område som er definerte som sårbare område etter EUs nitratdirektiv i forskrift om organisk gjødsel, skal tilførselen av husdyrgjødsel ikkje overstige 17 kg total nitrogen per dekar.*

* Dette gjelder område med avrenning til Glommavassdraget, medrekna Lågen og Vorma, Haldenvassdraget og andre område med avrenning til Oslofjorden mellom svenskegrensa og Strømtangen fyr samt til indre Oslofjord (innanfor Drøbaksterskelen).

§ Krav

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
Veileder gjødselsforskriften (organisk opphav)	Lovkrav

1.3.2 Dersom du har spreidd husdyrgjødsel utan nedmolding eller nedfelling, er denne spreidd innan 1. september (eller ein seinare dato fastsett av kommunen)?

Sprei gjødsel i vekstsesongen – aller helst om våren

Husdyrgjødsel skal så langt det er råd spreiest i vekstsesongen – i perioden frå våronnstart til 1. september, og helst om våren når planteveksten tek til. Viss du spreier husdyrgjødsel utan nedmolding eller nedfelling i jorda, bør du gjere det så tidleg i vekstsesongen at du kan rekne med godt med gjenvekst som kan haustast eller beitast. Gjødsel skal vere spreidd innan 1. september – dersom ikkje kommunen har bestemt noko anna.

Reglar for gjødselspreiing om hausten

Med nedmolding eller nedfelling er det lov å spreie husdyrgjødsel fram til og med 1. november. I område med alvorleg forureining eller fare for alvorleg forureining kan kommunen bestemme at det ikkje er lov å spreie husdyrgjødsel med nedmolding eller nedfelling i heile eller delar av perioden frå 2. september til 1. november.

§ Krav

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
---------------------------	---------

1.3.3 Har du molda ned husdyrgjødsel som er spreidd på open åker, innan 18 timar?

Spreier du husdyrgjødsel på open åker, skal du molde henne ned straks og seinast innan 18 timar. Prøv å unngå unødvendige luktulempar og ulempar som følgje av partikkelspreiing

dersom du gjødslar nær bustader.

§ Krav

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
---------------------------	---------



1.3.4 Har du spreidd husdyrgjødsla i perioden frå 15. februar til 1. november og berre på snø- og frostfri mark?

I perioden frå 2. november til 14. februar er det ikkje lov å spreie husdyrgjødsel. Det er heller ikkje lov å spreie husdyrgjødsel på snødekt eller frosen mark.

§ Krav

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
---------------------------	---------

1.3.5 Har du kontrollert gjødsellageret i løpet av dei siste 12 månadene?

Du skal jamleg kontrollere at gjødselanlegget fungerer som det skal, og at det er fritt for lekkasjar.

Spesielle krav

- Lager for flytande gjødsel skal ha tette konstruksjonar i golv, veggjar, portar osv.
- Landkummar skal i tillegg ha tak eller flytande dekke.
- Gjødseldammar skal ha tett botn.
- I gjødselgroper for sau m.m. skal botnen, sidene og porten vere tette.
- For nye og større anlegg for svine- og fjørfehald er det påbode å bruke innreiingssystem for husdyr som minskar ammoniakkutsleppet.
- Fast strøblanda gjødsel som har mindre enn 25 prosent tørrstoff, skal lagrast på tett botnplate og skjermast med tette kantar. Botnplata skal ha fall til sluk og ein tett oppsamlingskum for sig frå gjødsla.

§ Krav

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav	Lovkrav

1.3.6 Har du nok lagringskapasitet til at du kan lagre gjødsla til det er lov å spreie henne (minimum 8 månaders lagringskapasitet)?

Når du planlegg kapasiteten på gjødsellageret, må du ta omsyn til at husdyrgjødsel så langt det er råd, skal spreiest i vekstsesongen – i perioden frå våronnstart til 1. september. Kommunen kan bestemme at det ikkje er lov å spreie husdyrgjødsel med nedmolding eller nedfelling i heile eller delar av perioden frå 2. september til 1. november.

Du må uansett ha ein lagringskapasitet på minst 8 månader.

§ Krav

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
---------------------------	---------

1.3.7 Dersom du lagrar husdyrgjødsel på marka, er gjødsla skjerma mot overflatevatn og plassert slik at du ikkje får avrenning?

Gjødsel som inneheld meir enn 25 prosent tørrstoff, og som blir omdanna i løpet av lagringsperioden, kan du lagre rett på marka. Slike gjødselhaugar skal skjermast mot overflatevatn. Kommunen kan også stille krav om skjerming mot nedbør.

§ Krav

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
---------------------------	---------

1.3.8 Samlar du opp gjødsla frå luftegardar og utendørs tallar slik at ho ikkje kan skade miljøet?

Utandørs drift på tallar eller luftegardar må innrettast slik at gjødsla kan fjernast på ein enkel måte frå føringsplassar, kvileplassar og eventuelle trafikkareal mellom dei. Væskeoverskot skal samlast opp og lagrast dersom det kan skade miljøet. Gjødsel frå luftegardar skal fjernast regelmessig og minst ein gong i året. Gjødsla skal då spreiest eller lagrast på ein forsvarleg måte.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

§ Krav

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
---------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

1.4 BRUK AV AVLØPSSLAM, KOMPOST, BIOREST ELLER ANNA ORGANISK GJØDSEL

1.4.1 Følgjer du gjeldande regelverk og bruksavgrensingane for avløpsslam, kompost, biorest og anna organisk gjødsel?

Biorest er den massen som blir igjen etter at gassane er fjerna i eit biogassanlegg.

Reglar for bruk av organisk gjødsel

For gjødselvarer som er baserte på organisk avfall, er det visse bruksavgrensingar. Det er mellom anna grenser for kor mykje du kan bruke av dei, og du kan ikkje bruke dei på alle slags areal. Bruksavgrensingane skal minske smittefaren for plantar, dyr og folk. Kva avgrensingar som gjeld, kjem an på kva organisk avfall gjødsla er basert på, og kvaliteten på dei ferdige varene.

Produkta skal vere registrerte hos Mattilsynet, slik alle gjødselvarer skal. Dette er det ekstra viktig å vere merksam på for produkt som inneheld avfall frå næringsmiddelindustrien. Dette kan gjelde gjødsel, jordforbetningsmiddel, dyrkingsmedium, komposteringspreparat og vekststoff som inneheld råmateriale som til dømes næringsmiddelavfall, planterestar, slakteriavfall, kjøttbeinmjøl, fiskeavfall og hushalds- eller storkjøkkenavfall. Les varedeklarasjonen eller følgjedokumenta for produkta. Der finn du opplysningar om korleis produkta skal brukast, lagrast og handterast.

Reglar for bruk av avløpsslam

Leverandørar av avløpsslam har ansvar for å dokumentere at slammet er fritt for smittestoff, og at det ikkje inneheld meir tungmetall enn det som er lov. Når du tek imot slam, vil du få ein varedeklarasjon som seier kva gjødslingseigenskapar og eventuelt kalkverknad slammet har. Varedeklarasjonen skal også oppgje bruksavgrensingane for slammet. Avhengig av kvalitetsklasse er det lov å bruke inntil 2 eller 4 tonn slamtørrestoff per dekar i løpet av ein tiårsperiode. Regionkontoret til Mattilsynet kan gjere unntak frå desse mengdeavgrensingane.

Viss du dyrkar grønnsaker, poteter, bær og frukt

Du kan ikkje spreie avløpsslam på areal der du dyrkar grønnsaker, poteter, bær eller frukt. Desse vekstane kan ikkje dyrkast før det er gått tre år frå siste dato for spreining av slam på arealet (frukt og bær kan ikkje haustast før det er gått 3 år frå spreiedatoen). Slam må heller ikkje spreiest på eng eller brukast i gartneri.

Når og korleis skal du spreie slammet?

Du skal ikkje spreie slam på snødekt eller frosen mark og uansett ikkje i perioden frå 2. november til 14. februar. Når du har spreidd slam, skal du molde det ned straks og seinast innan 18 timar. Unngå unødvendige luktulempar. Før oversikt over kva mengder du har brukt, og kva areal slammet er spreidd på.

Før protokoll

Når du har brukt avløpsslam, skal du føre protokoll for

- mengd, dato og spreieområde
- dato for hausting av gras eller andre fôrvekstar, eller dato for slepp av dyr på beite der slammet er spreidd

Ta vare på protokollen i minst 4 år.

Vitskapskomiteen si risikovurdering for bruk av slam finn du på vkm.no.

Viss du bruker kjøttbeinmjøl

Ha kjøttbeinmjølet på ein plass der ikkje husdyr får tak i det og kan ete av det. Det er ikkje lov å bruke ublanda kjøttbeinmjøl (eller andre tilarbeidde animalske protein) på eng.

Vent i 21 dagar

Du må vente i minst 21 dagar før du kan bruke organisk gjødsel og jordforbetningsmiddel som inneheld animalske biprodukt, på eng og beiteområde der du dyrkar vekstar som skal brukast som fôr til produksjonsdyr.

Unntak

Forbodet og avgrensingane gjeld ikkje husdyrgjødsel. Forbodet gjeld heller ikkje bruk av organisk gjødsel og jordforbetningsmiddel som inneheld animalske biprodukt, på areal der produksjonsdyr ikkje har tilgjenge, eller der du ikkje haustar fôr før minst 21 dagar etter spreiding.

Før protokoll

Når du har brukt kjøttbeinmjøl eller andre tilarbeidde protein, skal du føre protokoll for

- mengd, dato og spreieområde
- dato for hausting av gras eller andre fôrvekstar, eller dato for slepp av dyr på beite der produkta er spreidde

Ta vare på protokollen i minst 2 år.

§ Krav

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
---------------------------	---------



1.4.2

Dersom du har brukt avløpsslam på garden, har du meld frå til kommunen i forkant?

Skal du bruke avløpsslam, må du melde frå til kommunen seinast 2 veker før du får den første leveringa av slam. Meldinga skal mellom anna innehalde ei vurdering av alle tilhøve som kan ha innverknad på agronomiske, forureiningsmessige, tryggleiksmessige, helsemessige og hygieniske sider ved bruken.

§ Krav

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
---------------------------	---------



1.4.3 Har du dokumentert faktisk bruk av organisk gjødsel (biorest, kompost, avløpsslam, husdyrgjødsel)?

Bruker du slam eller anna organisk gjødsel, skal det inngå i gjødslingsplanen din, og mengd brukt per dekar skal registrerast.

§ Krav

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
---------------------------	---------

1.5 LAGRING OG BRUK AV PLANTEVERNIMIDDEL



1.5.1 Kan du dokumentere at plantevernmiddel berre er brukt av personell med gyldig autorisasjon?

Plantevernmiddel kan berre brukast av folk som har autorisasjon. Å **bruke plantevernmiddel** omfattar i denne samanhengen både å **blende** slike middel og å **spreie** eller **påføre** dei.

Autorisasjonen er gyldig i ti år frå ein tek prøva. Dersom det er andre enn du sjølv som har utført sprøytinga, skal du føre namnet på vedkomande inn i plantevernjournalen saman med ein kopi av autorisasjonsbeviset hans eller hennar.

Autorisasjonskravet gjeld ikkje for preparat som er godkjende for bruk i hobbyhagar og på stoveplantar.

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
-------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



1.5.2

Oppfyller du krava til integrert plantevern, vern av vassmiljø og journalføring ved å følgje dei åtte prinsippa for integrert plantevern, gjere tiltak for å minske risikoen for forureining av vatn og føre plantevernjournal (journal for integrert plantevern, journal for vassvern og sprøytejournal)?

Når du bruker plantevernmidler på garden, skal du føre plantevernjournal. Den har tre delar:

Del 1 – journal for integrert plantevern

Her skriv du kva prinsipp du har følgd. Viss du har brukt kjemikalium, skal du også oppgje kva alternativ du vurderte først. I tillegg skal du grunngje vala du har gjort.

Del 2 – journal for vassvern

Her skriv du kva tiltak du har sett i verk for å minske risikoen for vassforureining ved sprøyting nær vassførekomstar. Døme på tiltak kan vere å opprette buffersoner til overflatevatn og drikkevasskjelder, dyseval og vaskeplassar som minskar faren for forureining.

Del 3 – sprøytejournal

Her fører du opplysningar om

- kva skifter og kulturar som er sprøytt
- kva skadegjerarar det dreier seg om
- kva preparat som er brukte, og i kva dosar
- kven som har utført sprøytinga
- dato når sprøytinga er utført

Ta vare på sprøytejournalen i minst 3 år.

Når det er andre som står for sprøytinga

Som gardeigar er du også ansvarleg for at det blir ført plantevernjournal dersom det er andre som sprøyter. Det skal stå i plantevernjournalen kva område plantevernmiddelet er brukt på. Kravet om å føre plantevernjournal gjeld også for bruk av beisemiddel til setjepotet og ved bruk av nytteedyr og mikroorganismar. Det skal også førast journal for planteekstrakt og plantevernmidler (inkl. godkjende basisstoff) som blir brukte i økologisk landbruk.

Informasjon om godkjende basisstoff finn du på mattilsynet.no.

Kulturspesifikke rettleiingar

Norsk Landbruksrådgiving (NLR) har i samarbeid med NIBIO utarbeidd rettleiarar som viser korleis du kan bruke dei åtte prinsippa for integrert plantevern i utvalde kulturar. Rettleiarane gjev deg oversikt over tiltak som har å gjere med plantevern, og dei har også med ei kort grunngjeving og lenkjer til meir informasjon. Ikkje alle tiltaka som blir føreslegne, vil passe for alle eller overalt, og rettleiarane er difor ikkje meinte som ei liste med krav, men som hjelp og inspirasjon til å følgje forskrift om plantevernmidler.

Mal for plantevernjournal og kulturspesifikke rettleiarar finn du på ved å klikke på knappen "Krav".

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
Veileder om avdriftsreduksjon	Lovkrav
Kulturspesifikke veiledere NIBIO	Informasjon
Mal for plantevernjournal NLR	Informasjon

1.5.3

Oppbevarer du plantevernmidla slik det står på etiketten og avlåst og merka slik forskriften krev?

Slik oppbevarer du plantevernmidler rett:

- Oppbevar midla slik det står på etiketten (t.d. «må lagrast frostfritt»).
- Ha dei i eit tett og avlåst skåp eller rom som er tydeleg merkt med giftmerket og ordet «GIFT».
- Hald skåpet eller rommet reint, og syt for kontinuerleg og effektiv ventilasjon dersom

			Svar		
			Ja	Nei	Ikke aktuelt

- preparata krev det.
- Ikkje oppbevar anna enn plantevernmiddel og eventuelt andre kjemikalium, inkludert flytande gjødselblandingar, i skåpet eller rommet.
- Ha opna pakningar i ein lukka og tett behaldar.

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
Veileder til regelverk om plantevernmidler	Informasjon

1.5.4 Er plantevernmidla brukte i samsvar med godkjend etikett?

Følg bruksrettleiinga

Bruk alltid plantevernmiddel i samsvar med bruksrettleiinga som står på etiketten, og sjekk at plantevernmiddelet fortsatt godkjend. Det er forbode å bruke plantevernmiddel utanfor det godkjende bruksområdet eller å overskride den tillatne doseringa eller konsentrasjonen.

Når eit plantevernmiddel ikkje lenger er godkjent

Viss eit plantevernmiddel misser godkjenninga, kan du ha og bruke det i inntil 18 månader, med mindre Mattilsynet har vedteke noko anna.

Følg avviklingsreglane for bruk av preparat som ikkje lenger er godkjende, og avviklingsreglane for preparat med gamle etikettar. Sjå Mattilsynet sin oversikt over godkjende produkt (lenke under "Krav").

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
Mattilsynet plantevernmidler- Godkjente produkter og virksomheter	Lovkrav

1.5.5 Sprøyter du og gjer reint spreieutstyret slik at det ikkje er fare for forureining av vatn?

Det er forbode å spreie plantevernmiddel nærare enn 3 meter frå overflatevatn og 50 meter frå drikkevassbasseng. Ved bruk av avdriftsreducerande dyser kan avstanden reduserast.

Restar i sprøytetanken skal fortynnast (helst minst 5 gonger) og sprøytast ut på den sprøyttede kulturen. Fylling og vasking av spreieutstyret og reingjering av tomemballasjen skal skje ein stad der vaskevatnet ikkje forureinar jord eller vatn. Alle sprøyter som er selde etter 1. januar 2001, og som har tank som er større enn 600 liter, skal ha skyljetank og skyljedyse.

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
Bruk av plantevernmidler nær vann	Lovkrav
Tiltak som gir avdriftsreduksjon ved bruk av plantevernmidler	Lovkrav

1.5.6 Merkjer du areal som er behandla med plantevernmiddel, og som er opne for allmenn ferdsel, med plakatar i samsvar med malen til Mattilsynet?

Viss du bruker plantevernmiddel på areal som er opne for allmenn ferdsel, har du plikt til å opplyse folk om det.

Set opp plakatar

Merk areala med plakatar i samsvar med malen til Mattilsynet. Du skal også merkje vegar eller stiar som fører inn i arealet. Plakatane skal stå i minimum sju dagar, og takast ned seinast tre veker etter at du er ferdig med sprøytinga, med mindre det står ein annan frist på produktemballasjen.

Opplys aktørar med spesielle interesser

Dei som har spesielle interesser i eller inntil sprøytefeltet, slik som birøktarar, reineigarar eller folk med beiterett, skal ha beskjed i god tid før du skal utføre sprøytinga.

Mal for plakatar finn du på Mattilsynet si nettside (lenke i "Krav").

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
Mattilsynet Advarselsplakat plantevern	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



1.5.7 Er spreieutstyret funksjonstesta i løpet av dei siste 3 åra?

Alle som eig eller bruker spreieutstyr for plantevernmiddel, er ansvarlege for at utstyret er funksjonstesta og har registreringsmerke.

Spreieutstyret du bruker på garden, må oppfylle visse tekniske krav, og alle delar og komponentar skal vere frie for lekkasjar. Dette skal kontrollerast i ein funksjonstest. Testen er gyldig i 3 år.

Les meir om funksjonstesting av spreieutstyr på Mattilsynet si nettside (lenke i "Krav").

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
Veileder til funksjonstesting av spredeutstyr	Lovkrav



1.5.8 Overheld du behandlingsfristen ved bruk av plantevernmiddel, og dokumenterer du dette med datoen for innhausting?

Kva er behandlingsfristen?

Behandlingsfristen er minstetida frå siste gong du har lov til å behandle eit areal med kjemiske plantevernmiddel, til du haustar inn frå arealet. Du finn behandlingsfristen på produktetiketten.

For at styresmaktene skal kunne kontrollere at du overheld behandlingsfristen, er du pålagd å dokumentere tidspunktet for innhausting.

Dersom du har brukt kjemiske plantevernmiddel på eit beiteareal, gjeld behandlingsfristen tida frå behandling til du slepper dyra ut på beite.

§ Krav

Plantevernforskriften	Lovkrav
-----------------------	---------

1.6 MELDEPLIKTIG UGRAS OG PLANTESKADEGJERARAR

1.6.1 Er du kjend med at du skal melde frå til Mattilsynet viss du veit eller har mistanke om at det finst meldepliktige skadegjerarar på jord (eiga eller leigd) som du bruker i produksjonen eller planter du dyrkar?

Visse sortar skadegjerarar har du plikt til å melde ifrå om til Mattilsynet. Kva sortar det dreier seg om, finn du i vedlegg 1 og 2 til *forskrift om plantehelse*. Meldeplikta gjeld både for jord du eig, og for jord du leiger.

§ Krav

Forskrift om plantehelse	Lovkrav
Floghavreforskrift	Lovkrav

1.6.2 Er du kjend med at du har plikt til å opplyse samarbeidspartnarar og andre som du låner/leiger bort eller overdreg jord til, dersom du kjenner til førekomstar av meldepliktige skadegjerarar?

Ved maskinsamarbeid mellom ei driftseining som er smitta, og ei som ikkje er det, kan påvising av ein meldepliktig skadegjerar medføre at begge driftseiningane blir pålagde restriksjonar.

§ Krav

Forskrift om plantehelse	Lovkrav
--------------------------	---------

1.6.3

Har du rutinar for å halde nede skadegjerarar og hindre at dei spreier seg?

Det er viktig å arbeide for å hindre spreining og minske mengda av skadegjerarar som floghave og anna ugras. Bruk av same reiskapar på fleire gardar er ein av dei vanlegaste grunnane til at skadegjerarar spreier seg. Gode rutinar for reinjing av maskiner og utstyr

	Svar		
	Ja	Nei	Ikke aktuelt

er difor avgjerande. Å skifte mellom ulike vekstar på same jordteig (vekstskifte) kan også vere eit viktig tiltak.

§ Krav

Forskrift om planteheelse	Lovkrav
Forskrift om floghavre	Lovkrav



1.6.4 Har du dokumentert kjende førekomstar av meldepliktige skadegjerarar på skiftekart og/eller ved koordinatfastsetjing?

For å kunne kjempe mot skadegjerarar treng du ei god oversikt over kvar dei finst. Dette sikrar du best ved å dokumentere det på skiftekart eller ved koordinatfesting.

§ Krav

Matloven	Lovkrav
----------	---------



1.6.5

Har du arkivert eventuelle vedtaksbrev og analyseresultat som gjeld meldepliktige skadegjerarar?

Har du fått eit vedtaksbrev frå Mattilsynet som pålegg deg å gjennomføre bestemte tiltak fordi det er funne meldepliktige skadegjerarar hos deg? Ta i så fall vare på brevet og arkiver det saman med aktuelle analyseresultat knytte til vedtaket.

§ Krav

Forskrift om planter og tiltak mot planteskadegjørere	Lovkrav
Floghavreforskrift	Lovkrav

1.6.6 Har du kontrollert om du har hønsehirse på garden, og har du i så fall prøvd å bli kvitt han?

Hønsehirse (*Echinochloa crus-galli*) er eit ugras som spreier seg raskt, og som kan etablere seg i dei fleste kulturar. Tidlegare fanst hønsehirse berre i kystområda, men no finst han lenger innover i landet òg.

Slik kjempar du mot hønsehirse

Pass på at kulturen har gode vekstvilkår, det gjev vekstane eit godt grunnlag for å konkurrere mot hønsehirsens. Det er viktig at tiltaka blir gjorde heilt ut i radkulturane. Vi ser ofte gode resultat inne i åkeren, medan det framleis veks hønsehirse i kanten.

§ Krav

Endringer i forskrift om såvarer og forskrift om floghavre – mindre omfattende virkeområde, innføring av nulltoleranse for hønsehirse mv.	Lovkrav
Informasjon hønsehirse NLR	Informasjon

1.7 LAGRING AV DRIFTSMIDDEL, PUNKTUTSLEPP OG AVFALLSHANDTERING

1.7.1 Lagrar du innkjøpt mineralgjødsele på ein trygg måte?

Med «trygg måte» meiner vi ein lagringsmåte som hindrar at gjødsla kan kome på aweegar, og som vernar liv, helse, miljø og materielle verdiar mot uhell og ulykker.

Krava til oppbevaring av mineralgjødsele er strenge. Les meir i *forskrift om utgangsstoffer for eksplosiver § 14*. Hovudregelen er at gjødsla skal oppbevarast utilgjengeleg for uvedkomande og vere forsvarleg innelåst eller inngjerda. Viss risikoen tilseier det, kan det også vere nødvendig med kameraovervaking, vakthald, alarm eller ekstra innbrotssikring. I tillegg skal du ha oversikt over kven som har tilgjenge til gjødselelageret.

Ingen unntak for gjødsele med over 28 prosent nitrogen

For mineralgjødsele med over 28 prosent nitrogen (N) frå ammoniumnitrat (NH_4NO_3) blir det ikkje gjort nokon unntak frå hovudregelen.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Mogleg unntak for gjødsel med 16 til 28 prosent nitrogen

For mange bønder kan det vere vanskeleg å oppfylle dei strenge krava. Du kan difor få unntak frå hovudregelen dersom det er svært vanskeleg for deg å lagre gjødsel slik regelen krev. Føresetnaden er at gjødsel ikkje har meir enn 28 prosent nitrogen.

I så fall skal du oppbevare gjødsel på ein av desse måtane:

- under dagleg oppsyn på eit område som er skjerma frå offentleg veg, og som ikkje er lett synleg eller tilgjengeleg for uvedkomande
- under jamleg oppsyn avlåst i ei eigna bygning utan tilgjenge for uvedkomande
- under jamleg oppsyn på eit avlåst område som ikkje er lett tilgjengeleg for uvedkomande
- under jamleg oppsyn i ei anna eigna innretning som kan låsast, og som ikkje er lett tilgjengeleg for uvedkomande

Kva inneber dagleg tilsyn?

Dagleg tilsyn vil seie at folk som er tilknytte verksemda, oppheld seg i nærleiken av lageret og kvar dag ser at alt er i orden.

Kva inneber «jamleg tilsyn»?

Å ha jamleg oppsyn med gjødsellageret inneber å kontrollere det minst ein gang i veka. Kor hyppig du bør kontrollere lageret, heng saman med kor raskt du vil kunne oppdage om gjødsel er på avveggar.

Du treng ikkje stå for det jamlege tilsynet sjølv. Det kan også utførast av andre dersom det er det greiaste. Dokumenter det skriftleg dersom du har ein avtale med nokon som utfører oppsynet for deg.

Kva er «ei eigna bygning»?

Med dette meiner vi ei bygning som syter for både tryggleik og sikring på ein god nok måte.

Kva er «ei anna eigna innretning som kan låsast»?

Det kan til dømes vere ei presenning som er laga av eit robust materiale, og som kan låsast.

Varsl Kripos ved tjuveri eller svinn

Det er viktig at tjuveri eller svinn blir oppdaga så tidleg som råd, og at du raskt varslar om slikt til Kripos på telefon 23 20 80 10 eller tips.kripos.no.

Har du kjøpt gjødsel i lag med andre?

Viss de er fleire som kjøper gjødsel i lag, må de opplyse til seljaren kven som skal ha tilgang til gjødsel. Viss ikkje de gjer dette, har den som står for innkjøpet, plikt til å registrere seg i Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) sin database over forhandlarar av mineralgjødsel.

§ Krav

Forskrift om håndtering av utgangsstoffer for eksplosiver	Lovkrav
Lagring av gjødsel med høyt innhold av ammoniumnitrat - DSB	Informasjon

1.7.2 Lagrar du fôr i siloanlegg eller rundballar slik at det ikkje er fare for avrenning?

Silopressaft skal samlast opp, lagrast og brukast slik at ho ikkje skader miljøet – anten du lagrar henne i silo eller i rundballar.

Korleis ein lagrar rundballar

Rundballar bør helst lagrast på mark der saft som renn av, kan infiltrerast i grunnen, og der avrenninga kan kontrollerast med drenering. Terrenget bør vere så flatt som råd, og rundballane bør lagrast på god avstand frå vassdrag, brønn eller andre vassforsyningssystem. Ein eigen lagerplass med tett dekke og oppsamling av pressaft kan vere nødvendig dersom lagring rett på marka skader miljøet. Rundballar må ikkje lagrast på flaumutsette areal.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Planlegg du å oppgradere siloanlegget eller å byggje nytt?

Landbruks- og matdepartementet har fastsett tekniske retningslinjer for oppsamling og disponering av silopressaft. Desse må du følgje både viss du skal utvide eller utbetre siloanlegget på garden, og viss du skal byggje heilt nytt. Planane må vere godkjende av kommunen før arbeidet kan gjennomførast. I særlege tilfelle kan kommunen gjere unntak frå dei tekniske retningslinjene. Før du tek anlegget i bruk, skal det vere kontrollert og godkjent av kommunen.

§ Krav

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
---------------------------	---------

1.7.3 Leverer du alt farleg avfall til eit godkjent mottak?

Kva er farleg avfall?

Farleg avfall er avfall som er skadeleg for folk, dyr og miljø. Alle som oppbevarer, transporterer eller handterer farleg avfall, skal gjere nødvendige tiltak for å unngå skade på folk, dyr og miljø.

Døme på farleg avfall er

- restar av plantevernmiddel
- oljerestar
- spillolje
- målings- og lakkrestar
- elektrisk og elektronisk avfall
- bly- eller nikkelkadmiumhaldige batteri
- ikkje reingjord tomemballasje

Hald det farlege avfallet for seg sjølv

Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall. Ulike typar farleg avfall skal heller ikkje blandast saman dersom det kan skade miljøet eller gjere det vanskeleg å handtere avfallet vidare på ein god måte.

Emballasje som du har reingjort i tråd med rettleiinga på etiketten, kan du levere saman med anna avfall. Restar av biologiske preparat skal destruerast på den måten som står på etiketten.

Har du meir enn 1 kilo farleg avfall i året?

I så fall skal du levere det til eit godkjent mottak minst éin gong per år. Nokre stader kan ein få ein avtale om henting av farleg avfall.

Leverer alltid farleg avfall til eit godkjent mottak.

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
Forurensningsloven	Lovkrav
Avfallsforskriften	Lovkrav

1.7.4 Handterer du organisk avfall slik at det ikkje kan forureine vatn eller skade ville dyr?

Kompost- eller lagerplassar for organisk avfall bør skjermast mot overflatevatn og plasserast slik at mogleg sigevatn ikkje når vassførekomstar.

Det er ikkje lov å samle avfall frå gardsdrifta eller hushaldet i gardsfyllingar. Avfallet vil lokke til seg ville dyr og kan vere til stor skade for dei.

Komposterer du avfall frå andre hushald eller gardsbruk?

I så fall må du ha løyve frå statsforvaltaren. For å få det må du oppfylle bestemte krav til kompostplassen og komposteringsprosessen. Krava skal sikre at anlegget ikkje fører til hygieniske ulemper eller miljøskade. Kompostplassen må ha støypt botn og i nokre tilfelle også ei enkel takløysing. I tillegg er det krav til korleis overflatevatn og sigevatn skal handterast.

Produserer du meir enn eitt tonn kompost i året?

Viss du årleg produserer meir enn eitt tonn tørrstoff kompost og denne blir brukt på areal

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

der det blir dyrka vekstar for sal, må du registrere komposten hos Mattilsynet.

Komposterer du slakteriavfall, animalsk industriavfall eller kasserte vareparti?

Då må du få komposteringsanlegget ditt godkjent av Mattilsynet.

Reglar for brenning av avfall

Kommunen kan leggje ned lokalt forbod mot open brenning av halmstubb på åkeren og bråtebrenning (treavfall, kvist og gras). På areal der det blir gjeve tilskot til endra jordarbeiding, kan det vere eit vilkår at halmen ikkje blir brend om hausten. Det er forbode å brenne oppsamla halm og fôrrestar.

Landbrukskontoret har oversikt over lokale reglar.

§ Krav

Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
---------------------------	---------

1.7.5 Leverer du anna produksjonsavfall til godkjende mottak?

Døme på produksjonsavfall er

- landbruksplast (m.a. rundballeplast)
- metall
- papir
- papp
- bildekk og traktordekk
- bygg- og anleggsavfall

Det er forbode å brenne produksjonsavfall ope eller i småomnar.

Produksjonsavfall skal ikkje verke skjemmande eller vere til skade for miljøet

Viss du har etterlate, tømt eller oppbevart produksjonsavfall slik at det kan verke skjemmande eller vere til skade for miljøet, kan kommunen gje deg pålegg om å fjerne det, rydde det opp innan ein viss frist eller dekkje rimelege utgifter til fjerning eller opprydding av avfallet.

§ Krav

Forurensningsloven	Lovkrav
--------------------	---------



1.7.6 Bruker du landbruksfolie og annan emballasje frå leverandørar som er medlem i Grønt Punkt Norge?

Sjekk fakturaar og rekneskapsbilag

På fakturaar frå emballasjeleverandørar som er medlem, er det påført eit miljøgebyr. Kva leverandørar du har brukt, vil du sjå på bilaga til rekneskapen din. Er du usikker på om ein leverandør er medlem, kan du be dei om å dokumentere det.

Kvifor er dette viktig?

Medlemmene i Grønt Punkt Norge betaler eit vederlag som blir brukt til ulike innsamlings- og gjenvinningsordningar for landbruksplast og annan emballasje. Føremålet er å sikre minst mogleg forureining og forsøpling frå landbruket.

Medlemsoversikt og meir informasjon

Du finn ei oversikt over medlemmene i Grønt Punkt Norge og nyttig informasjon om kjeldesortering av landbruksplast på Grønt Punkt Norge si nettside.

§ Krav

Grønt Punkt Norge AS	Bransjekrav
----------------------	-------------

1.8 SKADEGJERARAR I HUSDYRROM, LAGER, SORTERINGS- OG FOREDLINGSROM

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



1.8.1

Dersom du har observert skadedyr som kan gå ut over mattryggleiken, har du dokumentert omfanget og sett i verk tiltak mot dei?

Dersom du får skadedyrproblem som kan gå ut over mattryggleiken, og som du ikkje klarer å løyse med ordinære skadedyrtiltak, skal du ha ein rutine for å registrere og setje i verk tiltak som raskt og effektivt sikrar mattryggleiken og fjernar andre problem som skadedyra fører med seg.

§ Krav

Næringsmiddelhygieneforskriften	Lovkrav
---------------------------------	---------



1.8.2

Har du dokumentasjon på kva skadedyrmiddel du bruker, og kvar dei er plasserte?

Du skal dokumentere kva slags skadedyrmiddel du bruker, og kvar dei er plasserte. Dette kan du gjere på eit kart eller ved hjelp av ei enkel skisse.

Bruker du skadedyrmiddel merket med «kun for godkjente skadedyrbekjempere og andre personer med særskilt autorisasjon» krev det at du har eige tilleggsbevis for gnagermidler.

Bruker du godkjend skadedyrfirma skal desse levere oversikt over middel og plassering av desse.

§ Krav

Forskrift om skadedyrbekjempelse	Lovkrav
Mattilsynet om gnagermidler	Lovkrav

1.9 EIT KLIMAVENNLEG LANDBRUK

1.9.1 Har du ein plan for vedlikehald og fornying av grøfteinlegg?

Gode grøfter er bra for både avlingane og klimaet

Godt grøfta jord legg grunnlaget for større avlingar med betre kvalitet, og gode grøfter er eit viktig tiltak når det gjeld integrert plantevern. For planerte areal er gode grøfter eit forskriftskrav.

Grøfting er også eit viktig klimatiltak. Utgreiinga *Klimakur 2020* viste at det å drenere jorda godt kan minske utsleppa av lystgass med 0,35 kg CO₂-ekvivalentar per kg korn, medan det på eng kan redusere utsleppa med 0,5 kg CO₂-ekvivalentar per kg grastørrstoff.

§ Krav

Forurensningsforskriften	Lovkrav
Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord	Lovkrav
Informasjon fra Nibio om grøfting	Informasjon

1.10 KULTURMINNE, KULTURLANDSKAP OG BIOLOGISK MANGFALD - REGIONALE OG LOKALE MILJØFØRESEGNER



1.10.1 Har du merkt av kulturminne og andre verdifulle kulturlandskapselement på skiftekartet for garden?

Kulturminne og område som er viktige for det biologiske mangfaldet, skal vere avmerkte på kartet og skildra.

Du kan laste ned kart frå heimesida til Norsk institutt for bioøkonomi.

§ Krav

Kulturminneloven	Lovkrav
Gårdskart NIBIO	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

1.10.2

Lèt du det vere att ei vegetasjonssone mot vatn som du ikkje jordarbeider?

2-metersgrense for jordarbeiding

Mot vassdrag med ei årssikker vassføring og mot kanalar utan årssikker vassføring skal du setje att ei vegetasjonssone på minst 2 meter, målt horisontalt ved normal vassføring. Denne vegetasjonssona kan ikkje jordarbeidast. Kravet gjeld ikkje mot kanalar som blir brukte på profilerte areal; dei blir rekna som ein del av profileringa.

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
Forskrift om produksjonstilskudd	Lovkrav
Veileder om vegeterte buffersoner mot plantevernmidler i overflatevann	Informasjon

1.10.3

Har eventuelle tiltak som endrar på kulturminne, kulturlandskap eller biologisk mangfald blitt gjort i dialog med kommunen?

Døme på slike tiltak er

- å planere jordbruksareal
- å dyrke nytt
- å byggje landbruksveg
- å sprøyte kantvegetasjon eller åkerholmar med plantevernmiddel utan at det er eit ledd i ein skjøtselsplan
- å fjerne åkerholmar, steingjerde eller gamle ryddingsrøyser
- å dyrke opp eller fjerne ferdselsårer
- å lukke vassdrag eller leggje dei i kanal
- å lukke opne grøfter
- å dyrke opp skogbryn, kantsoner eller andre restareal mot innmark

Planering, nydyrking og vegbygging

Du kan ikkje planere, starte nydyrking eller byggje eller byggje om landbruksvegar utan ein plan som er godkjend av kommunen. Før du set i gang slike tiltak, må du difor sende ein forenkla søknad med kart til kommunen.

Plantevernmiddel

Plantevernmiddel skal brukast og handterast slik at dei ikkje når grunnvatn og vassdrag (bekkar, elver og vatn). Kantsoner og åkerholmar skal ikkje behandlast med plantevernmiddel, med mindre det er eit planlagt skjøtselstiltak i kulturlandskapet. I så fall må du få løyve frå kommunen.

Gode løysingar og vern av viktige verdiar

Føremålet med forskriftene som regulerer bakkeplanering, nydyrking og bygging av landbruksvegar, er å sikre at slike tiltak blir planlagde og gjennomførte på ein måte som gjev landbruksfagleg gode heilskapsløysingar. Samtidig skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne, friluftsliv og landskapsbilete.

§ Krav

Forurensningsforskriften	Lovkrav
Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav

1.10.4 Dersom det finst freda kulturminne på garden, tek du vare på dei med ei tilhøyrande sikringssone?

Ikkje gjer noko utan løyve

Du må ikkje setje i gang tiltak som kan skade eller ødeleggje freda kulturminne, utan å ha fått løyve på førehand. Det er ikkje lov å grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på annan måte skjemme freda kulturminne.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Same bruk som før er lov

Marka over eit freda kulturminne kan framleis brukast til beite eller innmark dersom ho har vore brukt til det før, og dersom kulturminnestyresmaktene⁽¹⁾ ikkje bestemmer noko anna. Du kan pløye og arbeide med jorda til same djupn som før.

Minst 5 meter sikringssone

Alle fysiske freda kulturminne skal ha ei sikringssone rundt seg som vernar mot inngrep. Sikringssona skal vere minst 5 meter brei rekna frå den synlege eller kjende ytterkanten til kulturminnet.

Freda bygningar

Å ta hand om freda bygningar inneber å ta vare på dei og vedlikehalde dei på ein forsvarleg måte.

(1) Regional kulturminneforvalting, dvs. kulturminneforvaltinga i fylkeskommunen og Sametingets miljø- og kulturvernavdeling.

§ Krav

Kulturminneloven	Lovkrav
------------------	---------

1.10.5

Dersom statsforvaltaren har gjeve føresegner om jordarbeidingsrutinar eller liknande tiltak i område med erosjonsfare, følgjer du desse føresegnene?

Dersom jorda på ein landbrukseigedom som du disponerer, ligg i eit område med erosjonsfare og innanfor nedbørsfeltet til eit sårbart vassdrag eller kystområde, kan statsforvaltaren fastsetje at du må følgje bestemte jordarbeidingsrutinar eller gjennomføre liknande tiltak, til dømes å etablere grasdekte vassveggar eller vegetasjonssoner. Statsforvaltaren kan fastsetje tiltaka i forskrift eller som enkeltvedtak.

§ Krav

Jordlova	Lovkrav
----------	---------

1.10.6 Dersom kommunen har gjeve særskilde miljøføresegner som har noko å seie for drifta, følgjer du dei?

I område med spesielle miljøproblem, til dømes at drikkevasskjelder er forureina eller står i fare for å bli det, kan kommunen fastsetje lokale føresegner. Spør kommunen viss du lurar på om det finst lokale miljøføresegner knytte til jordbruksdrift.

Døme på lokale føresegner er

- kommunal forskrift om forbod mot bakkeplanering
- kommunal forskrift om avgrensing av spreieperiode for husdyrgjødsel
- kommunal forskrift om forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar

§ Krav

Forskrift om organisk gjødsel	Lovkrav
-------------------------------	---------

1.11 SMITTEFØREBYGGING VED KJØP AV BRUKT UTSTYR FRÅ UTLANDET



1.11.1 Kan du dokumentere at brukt utstyr som du har kjøpt frå utlandet, var reingjort og eventuelt desinfisert før det blei sendt til Noreg, og at denne behandlinga blei gjenteken etter at du fekk utstyret?

Import av brukt utstyr til husdyr- og planteproduksjon kan utgjere ein risiko for spreiring av dyresjukdommar og planteskadegjerarar. Dette gjeld jordarbeidings- og hausteutstyr, alle typar innreiing, golv, mjølkeutstyr, fôringsutstyr, utstyr til handtering av gjødsel og anna utstyr som har vore i kontakt med jord, dyr eller avføring frå dyr i andre land.

Minsk risikoen for å spreie sjukdommar og skadegjerarar

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

For å minske denne risikoen skal alt slikt utstyr vere reingjort og eventuelt desinfisert med innarbeidde metodar og godkjende desinfeksjonsmiddel før det blir sendt til Noreg. Dokumentasjon/sunnhetssertifikat på at utstyret er reingjort og eventuelt desinfisert, skal følgje med når utstyret kjem fram til mottakaren i Norge. Du må også vaske og eventuelt desinfisere utstyret på ny etter at det kjem fram til deg. Deretter skal det stå tørt i minst 14 dagar før det blir teke i bruk.

§ Krav

Forskrift om forbud mot innførsel av dyr og smitteførende gjenstander	Lovkrav
---	---------

	Svar	
Ja	Nei	Ikke aktuelt